



Aurland kommune
Felles landbrukskontor ÅLA

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)

Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dykkar referanse	Vår referanse	Sakshandsamar	Dato
	2023/1280-33	Magnhild Aspevik	19.02.2026

Høyringsinnspel frå Aurland kommunen - Vilkår for Aurlandsreguleringen - landbru over Kongshellersundet og produksjonspotensiale for laks og sjøaure i Vassbygdelv

Syner til skriv frå NVE av 26.11.2026, om begrensa høyring av tilleggsutgreiing til revisjonsdokument for Aurlandsvassdraget.

Syner og til utset frist for innsending av høyringsuttale.

Kommunestyre i Aurland handsama saka i sitt møte 12. februar 2026, sjå vedlegg.

Her er vedtaket:

Vedtak i Kommunestyret - 12.02.2026:

1. Aurland kommune tilrår at det vert sett vilkår for bygging av landbru over Kongshellersundet. Dette er eit tiltak som vil betra leveområde til villreinen i Nordfjella, slik at dei kan ta i bruk att dette viktige leve og oppvekstområde i framtida.

2. Aurland kommune tilrår at det vert sett vilkår om årsikker vassføring i Vassbygdelvi, med fastsetting av minstevassføring. Og det må settast vilkår om at sideelva frå Midjedalen og bekkar i Vassbygdi, skal tilretteleggast som oppvekstområde for laks og sjøaure. Desse tiltaka vil gje grunnlag for at vassdraget blir eit viktig oppvekst og leveområde for laks og sjøaure i framtida.

Med helsing

Magnhild Aspevik

landbrukssjef



Aurland kommune
Felles landbrukskontor ÅLA

Dokumentet er elektronisk godkjent og er utan signatur

Vedlegg

- 1 Saksprotokoll Vilkår for Aurlandsreguleringen – begrensa høyring – landbru over Kongshellersundet og produksjonspotensiale for laks og sjøaure i Vassbygdelvi - kommunestyret 12.02.26

